

Søknad – Byregion Fase 2

Søknadsnr.	2015-0045	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Utviklingsprogrammet for byregioner fase 2 (2015-2017)			
Prosjektnavn	Preikestolbyen			

Kort beskrivelse

Ryfast vil medføra store endringar for heile Ryfylke. For kommunane i Ytre Ryfylke vil effektane merkast best. Basert på funn i analysen, og dugnadsarbeidet knytt til denne har prosjektet blitt fokusert på sentrum- og tettstadsutvikling knytt til opplevingar, handel og reiselivspotensialet i regionen. Det er sjølvsagt andre områder som krev tiltak men på det valde tema meiner me at moglegheita for påverking er størst. Prosjektet har som målsetting å forsterka etablerte prosessar.

Prosjektbeskrivelse

Føremål

Å utvikla Jørpeland under slagordet "Preikestolbyen" i Ytre Ryfylke som eit sterkt sentrum og drivkraft for næringsutvikling i Hjelmeland, Strand og Forsand med eit særskilt fokus på opplevingar, kultur, handel og reiseliv.

Satsingsområde

Sentrums- og tettstadsutvikling med fokus på handel, arkitektur og naturbasert næringsutvikling.

Stimulera bu- og besøksattraktiviteten både for tilreisande og fastbuande.

Planlegge for optimal bruk av fastlandsforbindinga Ryfast og skapa felles forståing for potensielle effektar av nye reise- og pendlemønster og kollektivtilbod og behov.

Utvikla ein tydeleg felles Ytre Ryfylke identitet som grunnlag for marknadsføring og utvikling av eit felles bu- og arbeidsmarknad i Ytre Ryfylke med fleire tettstadar og eit felles bysentrum.

Deltatt i fase 1 av Utviklingsprogrammet for byregioner: Nei

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Strand kommune Org.nr:964978751	Rådhusgt. 2 4126 JØRPELAND	-
Kontakt- person	Jan Leland	Rådhusgt 2 4126 JØRPELAND	911 15 769
Prosjekt- leder	Geir Ims	Ryfylkevegen 7040 4130 HJELMELAND	913 29 657

Geografi

1129-Forsand, 1130-Strand, 1133-Hjelmeland

Spesifikasjon

Bakgrunn

Utviklinga av Jørpeland by og Jørpeland som regionsenter er viktig for alle dei 3 deltakande kommunane i Ytre Ryfylke. Dei 3 kommunane er nå inne i ei utgreiing om ei eventuell samanslåing og danning av ein ny kommune.

Resultatet av denne prosessen kan ikkje forskotterast og kommunane si deltaking i fase 2 i ByRegionprogrammet (ByR) er like relevant om det blir skipa ein ny kommune eller ikkje.

Jørpeland ligger sentralt til i regionen med kort avstand til Stavanger og Nord- Jæren. Byen har hatt ei sterk vekst dei siste åra. Både byen og fleire av tettstadene i Ytre Ryfylke har attraktiv plassering ved sjø og vann, fjord og fjell. Området har ei rik kulturhistorie og eit vakkert kulturlandskap med aktive gardsbruk.

Det er venta at fastlandsforbindelse til Stavanger vil gjera regionen meir attraktiv som bustad- og rekreasjonsområde.

Turiststraumen til Lysefjordområdet med Preikestolen og Kjerag som hovudattraksjonar opplever sterk vekst. Trafikken til Preikestolen har vakse med 20 prosent årleg dei siste åra. Regionen er og ein attraktiv stad for fritidsbustader. I Hjelmeland er det like mange fritidsbustadar som bustader. Ytre Ryfylke har totalt om lag 2 500 fritidsbustader.

Kommunane Forsand, Strand og Hjelmeland står føre store endringar som følgje av Ryfast. Befolkningsutviklinga i dei 3 kommunane har utvikla seg noko forskjellig der Strand kommune har hatt høg vekst, lik resten av Rogaland, mens Hjelmeland kommune har hatt ei flat og til dels negativ utvikling i folketal og sysselsette.

Den svake utviklinga i oljepris har byrja syna i aktivitetsnivået og Stålverket på Jørpeland gjekk konkurs våren 2015. Stålverket har i 100 år vore med å prega samfunnsliv og bybilete og fabrikk ligg sentralt midt i byen. Det er enda uvist om kva omfang vidare drift vil få i framtida.

Sentrum og tettstadar har vakse fram og utvikla seg noko tilfeldig som i resten av landet. Den geografiske plasseringa av tettstadene og busettinga har blitt orientert ved ferdselsårer, som i stor grad historisk har vore tilgang til sjøvegen og tilgang til arbeidsplasser. Spreidd busetting, store avstandar og svakt kollektivt transporttilbod hemmar utvikling og samhandling.

Reiselivets betydning og potensiale har varierende og til dels liten fokus hos lokale politikarar.

Dei 3 kommunane er i samtalar om samanslåing og utgreier nærare om det skal skipas ein ny kommune med Jørpeland som det naturlege regionsenter.

Mens den oljerelaterte industrien er inne i ei periode med nedgang, opplever reiselivet det motsette og vil i inneværande sesong i tillegg bli stimulert av den låge kronekursen.

Turiststraumen til Preikestolen slår stadig nye rekordar og det er årleg 600 000 turister som besøker Lysefjordområdet. Det finnes ikkje noko godt kjeldegrunnlag men det er rimelig å anslå at desse besøkande representerer ei årlig verdiskaping på over 1 mrd. kroner. Svært lite av denne omsetninga vert lagt igjen lokalt.

Ryfast vil føra til at all turisttrafikk til Preikestolen i framtida vil gå gjennom Jørpeland sentrum. Dette gjer eit grunnlag for å utvikle «Preikestolbyen» som eit tydeleg og unikt by- senter for nye opplevingar knytt til både eksisterande attraksjonar og nye.

Den sterke fritidsmarknaden med kjøpesterke hytteeigarar frå Stavanger og Nord- Jæren forsterkar dette potensiale og kan vera ei viktig kraft for å få ei ønska sentrumsutvikling og auka verdiskaping både i Ytre Ryfylke og for heile regionen.

Den nye sentrumsplanen for Jørpeland legg eit godt grunnlag for dialog med næringslivet og samfunnsaktørar for utvikling av sentrum. Planprosessen vil bidra som inspirasjon og rettleiing for dei andre kommunane og utvikling av tettstadene der.

På kort sikt vil utviklinga i olje- og offshorenæringa vera avgjerande for aktivitetsnivå og sysselsetting. Næringslivet i Strand kommune er nærast denne marknaden og mest sårbare.

Ryfast vil endra mykje. Trafikken som i dag går over 2 ferjesamband blir «landfast» og tettstadene Tau og Forsand vil mista denne gjennomgangstrafikken.

Ryfast kan gje høgare utpendling og sterkare handelslekkasje og truga med å gjera Jørpeland om til ein «soveby».

Ryfast kan og skapa det motsette – netto innpendling og handelsoverskot. Ein trussel inneber også eit høve. Derfor vil det for Ytre Ryfylke handla om å gripa det høve som no byr seg. Å utvikla og styrka Jørpeland som regionsenter og på den måten skapa ein attraktiv destinasjon for både fastbuande og besøkande i regionen kan vera ein langsiktig og berekraftig strategi for utvikling av regionen og dei 3 kommunane.

Prosjektmål

Målstyring og milepålar vil bli etablert i mobilisering av prosjekt- og arbeidsgrupper slik at gruppene har eit eigarforhold til dette.

Sentralt i målstyringa og indikatorar undervegs vil vera:

- Arbeidar me i forsterkande fartsretning av etablerte prosessar?
- Er måloppnåing i sikte?
- Er både sentrum og tettstader tent med arbeidet?
- Klarar me å kommunisere arbeid/resultat i forhold til etablerte mål?

Mål

Reiseliv kopla til næringsutvikling, sentrum- og tettstadsutvikling, arealplan og transporttilbod skal ha ei sentral plass i kommunale og regionale planar.

Ytre Ryfylke har kommersielle «Fyrtårn» i reiselivsnæringa.

Godt samarbeid på tvers av kommune-, regionale-, nasjonale- og internasjonale grenser.

Klare og forutsigbare vilkår for eigedomsutviklarar, investorar og næringsliv som vil leggja pengar på bordet i regionen.

Undervegs

Inkluderande og gode prosessar som gjer felles forståing og plattform for vidare utvikling av eit attraktivt sentrum og unike tettstader.

Etablert varig arena for samhandling etter prosjektperioden

Etablert kunnskapsbase som sikrar gode fundament for avgjersler.

Lokale utviklingsressursar vert aktivert mot felles mål

Nye vilkår for utvikling vert etablert

Forankring

Prosjektet med val av tema og aktivitetar er godt forankra og har som mål å forsterka det arbeid som er gjort og dei prosessane som er starta i arbeidet med Strand 2050, Sentrumsplan, Strategisk næringsplan Strand, og strategisk reiselivsplan for Ryfylke.

Det er og eit sterkt ønske frå både kommunar og næringsliv om å nytta meir av reiselivspotensialet til å skapa både attraktive sentrum og fleire arbeidsplassar.

Ryfylke IKS har saman med ei arbeidsgruppe utarbeida ein rapport og forslag til tema som følger som vedlegg. Spørsmålet om deltaking og val av tema blei behandla i respektive kommunar i mars månad med positive vedtak.

Sentralt i val av tema ligg både eit spanande potensiale i reiselivsnæringa og dramatisk impulsending frå endra kommunikasjonsløyising med fastlandsforbinding. Kollektivtilbodet og plassering av t.d.bussterminal samt plassering av det planlagte opplevingssenteret til Preikestolen vil ha avgjerande følgjer for både næringsutvikling og sentrum- tettstadsutvikling.

Ryfast vil og kutta ferjesambandet over Høgsfjorden som vil påvirka både turisttrafikk og lokalsamfunnet i Forsand kommune. Dette vekkar naturleg sterke følelsar og alt som kan gjerast for å styrka faktagrunnlag og moglege konsekvensar for både lokalsamfunn, tettstadar og turistnæringa vil ha ein høg verdi.

Reiselivsnæringa er organisert i Reisemål Ryfylke med særskild god oppslutning og Strategisk Reiselivsplan for Ryfylke er forankra i dei einsskilte kommunane. Denne forankringa innebær ikkje nokon særskilt økonomisk forpliktelse og utgjer ein liten "flaskehals" for reiselivet i Ytre Ryfylke som er prega av mange kvalitativt gode, men små einingar som ikkje har nok kraft til innovasjon og utvikling på eiga hand. Dei einsskilte kommunane prioriterar noko ulikt for denne næringa.

For utvikling av sentrum og tettstadar er det på samme måte ikkje nok med gode planar. For at til dømes intensjonane i den nye sentrumsplanen for Jørpeland skal gje synlege resultat og endringar

må det vera tilfredstillande etterspørsel, utvikling og samarbeid mellom dei offentlege instansar og dei private aktørane.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Strand kommune

Prosjektleder: Ryfylke IKS ved Geir Ims

Prosjektgruppe: Tor Arne Johnsen, næringssjef i Strand kommune

Jan Leland, kommunalleiar i Strand kommune

Haldis K Nilsen, kommunalleiar i Hjelmeland kommune

Årstein Løland, plansjef i Forsand kommune

Audun Rake, Lysefjorden utvikling

Liv Jorunn Tjelmeland, Reisemål Ryfylke

Anne Berit Amdal, Ryfylkebyen Jørpeland

Espen Thompson, styreleder i Ryfylkealliansen

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i dei 3 søkarkommunane

Samarbeidspartnere

Strand kommune

Hjelmeland kommune

Forsand kommune

Ryfylke IKS

Reisemål Ryfylke

Lysefjorden utvikling

Handelsforeningen på Jørpeland

Ryfylkealliansen

Med positiv tilbakemelding frå KMD vil det skipast arbeidsgrupper med ytterlegare deltakarar frå næringsliv og organisasjonar

Aktivitetar

Etablera og utvikla tankesmie for sentrumsutvikling som felles arena for næringsliv, politikarar og planmyndigheter.

Utvikla og gjennomføra ein årlig by- og tettstadsutviklingskonferanse på Jørpeland saman med lokale aktørar.

Gjennomføra ein studie om endra reisemønster og nye høve for bu- og arbeidsmarknaden, reiselivet og kollektivtilbodet i Ytre Ryfylke.

Utarbeide konsekvensanalyse for plassering av planlagt opplevingscenter for Preikestolen.

Gjennomføra ein studie av reiselivets økonomiske effekt og potensial og etablera grunnlag og metode for måling av utvikling over tid.

Etablera og gjennomføra attraktivitetsprosjekt for å auka bu- og besøksattraktiviteten i regionen.

Utarbeida skisser for utvikling av utvalde tettstader, til dømes Hjelmelandsvågen.

Etablera arbeidsgrupper for aktuelle tema og oppgåver som vert etablert i prosessen for å nå prosjektmålet.

Stimulera og leggja til rette for næringsutvikling knytt til handel, reiseliv, identitet, kultur og vertskapsrolla.

Delta i nettverk og på møteplassar kor me treff dei definerte målgruppene.

Målgrupper

Lokale politikarar

Regionale politikarar

Næringsdrivande i varehandel

Eigedoms utviklarar

Grunneigarar

Gardeigarar (huseigarar i sentrum og tettstader)

Reiselivsaktørar

Arkitektar og kunstnarar

Utvalde organisasjonar

Resultat

Inkluderande og gode prosessar som gjer felles forståing og plattform for vidare utvikling av eit attraktivt sentrum og unike tettstader.

Etablert varig arena for samhandling etter prosjektperioden

Etablert kunnskapsbase som sikrar gode fundament for avgjersler.

Lokale utviklingsressursar vert aktivert mot felles mål.

Nye vilkår for utvikling vert etablert

Effekter

Felles mål for utvikling av sentrum og tettstadar

Styrka samhandling og betre utnytting av reiselivets potensiale i regionen

Tydelegare og sterkare lokal identitet og tilhøyrse

Betre vertskap

Auka bu- og besøksattraktivitet

Auka lønnsemd i lokale verksemder

Auka investeringar

Arbeidsplassar

Folkevekst

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan/budsjett

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Eigeninnsats	1 657 680	1 596 240	1 596 240	4 850 160
Konferanser	200 000	150 000	150 000	500 000
Konsulent, prosessbistand	575 000	500 000	475 000	1 550 000
Møter, reise overnatting	25 000	100 000	125 000	250 000
Prosjektleiing	200 000	250 000	250 000	700 000
Sum kostnad	2 657 680	2 596 240	2 596 240	7 850 160

Sjå vedlegg

«Kostnadene skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Eigeninnsats	1 657 680	1 596 240	1 596 240	4 850 160
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Sum finansiering	2 657 680	2 596 240	2 596 240	7 850 160

Sjå vedlegg

«Byregionens egenfinansiering skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Rapport ByR_Samfunnsanalyse endeleg.pdf	2 455 176	04.05.2015
Reiselivsplan for Ryfylke 2013-2028.pdf	1 202 879	04.05.2015

Vedlegg tidsplan og eigeninnsats.xlsx	27 090	04.05.2015
Vedtak med Saksframlegg Strand_Hjelmeland_Forsand.pdf	5 657 849	04.05.2015